

Leikny Haga Indergaard

Bergen Off.Bibliotekl

Dato: 11.05.2017  
Vår ref.: 2017/1167-12  
Saksbehandlar: rutornh  
Dykkar ref.: «REF»

## **Tilsegn om tilskot til Bergen Off. Bibliotek Prosjekt: IFLA-konferansen i Polen 19. – 25. august ERASMUS+ - Voksenopplæring - Mobilitet. Kontraktnr. 2017-1-NO01- KA104-034073**

Eg viser til søknaden om deltaking på IFLA-konferansen i Polen frå tre medarbeidarar på Bergen Off. Bibliotek. Vi er glade for å melde at fylkeskommunen med dette løyver **€ 4 815** (Eurokurs 9.42 – 2017) på bakgrunn av administrativt vedtak innafor budsjettamma for Erasmus+-programmet 2017.

Tilskotet er eit viktig virkemiddel i fylkeskommunen si internasjonale satsing for å bruke EU-program som virkemiddel i det regionale utviklingsarbeidet.

For at tilsegnet skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte akseptskjema innan 3 veker som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkår for løyvinga, og at de tar ansvar for å gjennomføre prosjektet som planlagt.

### **1. PROSJEKTGRUNNLAG**

Prosjektet har to hovudmål:

1. Folkebiblioteka i Hordaland skal bidra til mangfald og integrering ved å utvikle møteplassar og aktivitetar i lokalsamfunna der nordmenn og innvandrarakar kan møtast på ein likeverdig måte.
2. Bibliotekpersonale skal få auka undervisningskompetanse for å kunne gjennomføre kurs for publikum i nasjonale digitale ressursar. Kursa skal særleg rettast mot eldre og innvandrarakar.

Ein føresetnad for løyvinga er at ein deltar på program på konferansen som rettar seg mot hovudmåla i prosjektet. Det kan til dømes vere:

Session 109, SC II - Library Services to Multicultural Populations

Session 112, Poster Sessions

Session 138, Literacy Matters: It Takes a Community to Raise a Reader - Building a Nation of Readers and Creating a Reading Culture - Literacy and Reading, Public Libraries, School Libraries (SI)

Session 143, Multicultural Library Manifesto Toolkit – Case Studies and Illustrations from a Global Perspective - Library Services for Multicultural Populations

Session 164, Staff Development & CPD/WL Guidelines: Rapid Fire Cases & Discussion - Continuing Professional Development and Workplace Learning

Session 190, More than Green: Sustainability of Practice - Public Libraries & the 2030 United Nations Agenda - Public Libraries, Environment, Sustainability and Libraries SIG

Session 200, Knowledge Cafe: New Librarians for New Times: Continuous Learning to Become Change Agents in a Changing World - Knowledge Management, CPD/WL and Library and Research Services for Parliaments

Session 207, Branding, Bridging, Building: Telling and Selling the Space Story - Library Buildings and Equipment with Management & Marketing (SI)

## 2. FINANSIERING AV GODKJENDE KOSTNADER

Tilskotet frå Erasmus+ gjeld for 3 personar til IFLA-konferansen i Polen. Det er rekna med utgifter til reise, 5 dagars konferanse, to reisedagar og konferanseavgift, ut frå desse satsane:

	Per person	Totalt
Reise :	€ 275	825
Opphald:	€ 980 (7 dagar)	2940
Konferanseavgift:	€ 350	1050
Totalt:	€ 1605	€ 4815

## 3. VILKÅR FOR TILSKOTET

### Generelle vilkår

- Opphaldet må vere avslutta før **26.08.2017**.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med føresetnadene i pkt. 1. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast tilbake.
- Etter avslutta opphald - innsending av elektronisk sluttrapport og naudsynt dokumentasjon.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### Profilering

- I all presentasjon av prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er finansiert av Erasmus+ med støtte frå Hordaland fylkeskommune.
- Som ein del av profileringa av Hordaland fylkeskommune sine tenester og Erasmus+, må mottakarane skrive ein artikkel om opphaldet som blir publisert av fylkeskommunen. Frist for levering av artikkel er 1.10.2017.

### Utbetaling av tilsegnet

Før utbetaling skal du i god tid før avreise sende inn:

- signert Letter of Intent - mellom fylkesbiblioteket og sendarorganisasjon (vedlegg)
- akseptskjema, (sjå siste side i dette brevet ) - utfylt og signert
- skjema med deltakaropplysningar – alle deltakarar fyller ut eit kvar (vedlegg)
- ein plan for opphaldet – utarbeida i samarbeid med fylkesbiblioteket og sendarorganisasjon
- reisedatoar – som skal godkjennast av fylkesbiblioteket

### Bilag for gjennomført reise

Deltakarbevis frå World Library and Information Congress sendast til fylkesbiblioteket, som bevis for at reisa fann stad.

### Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegnet. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

### Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen du mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

#### 4. KONTAKTPERSON

Hordaland fylkeskommune sin kontaktpersonar er [Ruth.ornholt@hfk.no](mailto:Ruth.ornholt@hfk.no) tlf.: 55 23 93 70/  
95 91 33 98 og [terje.haugsgjerd@hfk.no](mailto:terje.haugsgjerd@hfk.no) tlf.:55 23 93 73

Hordaland fylkeskommune ønskjer lukke til med gjennomføringa av prosjektet!

Ruth Ørnholt  
Fylkesbiblioteksjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Sverre Helge Bolstad  
Ørjan Persen  
Per Vold

**AKSEPTSKJEMA**

**Tilsegnsmottakar må så snart tilsegnsbrevet er motteke, fylle ut og signere vedlagte akseptskjema og sende det i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 3 veker.**

(Del 1)

<b>ERASMUS+ - Voksenopplæring - Mobilitet.</b>	<b>Kontraktnr. 2017-1-NO01-KA104-034073</b>	<b>Tilskotet gjeld til : 1.08.2017</b>
<b>Prosjektnamn: IFLA-konferansen i Polen 19. – 25. august</b>	Tilskot: € 4 815	Vår ref. 2017/1167-12

(Del 2)

**Fyllast ut av tilsegnsmottakar:**

Tilsegnsmottakar: \_\_\_\_\_

Kontaktperson: \_\_\_\_\_

Telefon: \_\_\_\_\_

E-postadresse: \_\_\_\_\_

Kontostreng/Bankkonto \_\_\_\_\_

**Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.**

Stad:..... Dato:.....

Signatur (tilvisar):.....

**Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Fylkesbiblioteket [ruth.ornholt@hfk.no](mailto:ruth.ornholt@hfk.no)**